


# **SENIORPOLITIKK**

## **Masfjorden kommune**



**Vedteken av kommunestyret 16.06.2022, sak 22/4558 Arkivsak ID: 22/495.**

---

Postadr.:  
5981 MASFJORDNES

Telefon:  
56 16 62 00

Telefaks:  
56 16 62 01

Bankgiro:  
3201 48 54958

Organisasjonsnr.:  
945627913

E-post: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

## **FØREORD**

Masfjorden kommune sin seniorpolitikk definert ut frå av to omsyn. For det første me treng seniorane for å kunne ha ein stabil og kompetent tenesteproduksjon, og for det andre skal den einskilde tilette verte verdsett og inkludert.

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune skal vere verkemiddel for å leggje til rette for at seniorar heldt fram i arbeid. Det vil vere ulikt kva som fremmar motivasjon hjå den einskilde medarbeidar slik at seniorpolitikk verte individuelt tilpassa med bruk av ein felles tiltaksmeny. Det beste grunnlaget leggjast gjennom god arbeidsgjevarpolitikk i heile arbeidsforholdet.

Masfjorden kommune sin seniorpolitikken har sitt formelle utgangspunkt i Arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen, Personalreglementet og Avtalen om inkluderande arbeidsliv.

Masfjordnes, 18.05.2022

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

## **Innhold:**

<b>1 Mål</b>	<b>side 4</b>
<b>2 Kven er seniorarbeidaren?</b>	<b>side 4</b>
<b>3 Seniorpolitiske tiltak</b>	
a) Inkluderande arbeidsmiljø og haldningar	<b>side 4</b>
b) Medarbeidarsamtale	<b>side 4</b>
c) Kompetanseutvikling	<b>side 4</b>
d) Tilrettelegging av arbeid	<b>side 5</b>
e) Fritid og undersvinningsfri	<b>side 5</b>
f) Seniortillegg	<b>side 5</b>
g) Høve til å angre - frys av stillingsforhold	<b>side 6</b>
h) Opphøyr av arbeidsforholdet	<b>side 6</b>
<b>4 Praktisering av seniorpolitikk</b>	
a) ”Seniorpolitikk i Masfjorden” som styringsdokument	<b>side 6</b>
b) ”Seniorpolitikk i Masfjorden” som praktisk rutine	<b>side 6</b>

## 1 MÅL

Grunnlaget for seniorpolitikken er for å vise at seniorarbeidstakarar er verdfulle ressursar som Masfjorden kommune treng. Me har følgjande mål:

- Seniormedarbeidarar arbeider motivert med god innsats lengst mogleg
- Seniormedarbeidaren får bruke sin kompetanse og opplever meistring og trivsel
- Definere ein gjeldande seniorpolitikk som viser normer og system kring seniorarbeidarar

Seniorpolitikk er også å tilretteleggje for ein tenleg og verdig avslutning av arbeidskarrieren.

## 2 KVEN ER SENIORARBEIDAREN?

I Masfjorden kommune reknar me oss som seniorarbeidarar frå det året ein fyller 60 år.

## 3 SENIORPOLITISKE TILTAK

### a) Inkluderande arbeidsmiljø og haldningar

Godt arbeidsmiljø, fagleg kvalitet og utvikling, støtte og verdsetjing frå leiar og kollegaer er viktige faktorar for å førebygge tap av arbeidsglede. Seniorpolitikk er ein del av god personalpolitikk generelt sett.

Alle tilsette og leiarar skal vere bevisste på den kompetansen som lang yrkeserfaring gjev. Seniorane har ofte røymsle som gjer at dei kan sjå arbeidet sitt i eit heilskapsperspektiv. Eigenskapar som sikkert skjønne, sosiale ferdigheiter og kjennskap til kommunen skal verdsetjast.

### b) Medarbeidarsamtale

I den årlege medarbeidarsamtalen for tilsette over 60 år skal innhaldet i denne planen vere tema. Leiar tek initiativ til samtalen.

### c) Førebuing til pensjonsalderen

Masfjorden kommune inviterer KLP til å ha ein gjennomgang med tilsette som er fylt 60 år. Målsetjinga er å gje seniorane betre grunnlag for å vurdere arbeid og pensjonering.

#### **d) Tilrettelegging**

Tilrettelegging kan dreie seg om tilpassing av arbeidsoppgåver, arbeidsforhold og arbeidstid. Tilrettelegging er eit generelt personalpolitisk verkemiddel, som er gjensidig forpliktande mellom partane. Arbeidsgjevar legg til rette og arbeidstakar medverkar og prøver. Tilrettelegging skal ikkje gå utover tenestene til brukarane. Tilretteleggingsplikta er regulert i Arbeidsmiljølova §4-2.

#### **e) Fritid og undervisningsfri**

Med det føremål at noko ekstra fritid gjev auka arbeidsglede og ønskje om å halde lenger fram i arbeid, er det eit seniorpolitisk tiltak å gje ekstra fridagar for seniorar over 60 år.

- Seniorarbeidarar kan i det året ein fyller 60 få arbeidsfri 5 dagar med løn (ved full stilling, og tilsvarande mindre i deltidsstillingar). Dagane kan vere enkeltdagar. For personar i mindre enn 50% stilling kan dagane unntaksvis betalast ut.
- For tilsette som sluttar midt i året vert dagane rekna ut etter sluttdato.

#### **f) Seniortillegg**

For å gje ein honnør for seniorar som heldt fram i arbeid, vert det gjeve eit seniortillegg:

Frå fylte 63 år	kr 5.000,- pr. år i 100% stilling
Frå fylte 65 år	Auke på kr 5000,- (Totalt kr 10 000,- pr. år i 100% stilling)

Den som har teke ut delvis AFP-pensjon eller går i deltidsstilling får seniortillegget redusert tilsvarande.

### **g) Høve til å angre – frys av stillingsforhold**

Når det ikkje er til vesentleg ulempe for arbeidsgjevar kan det avtalast med den einskilde tilsette at tilsettingshøvet vert froze i inntil eitt år etter pensjonering. I ein slik avtale må det seiast om den gjeld spesielt i høve til noverande stilling eller retten gjeld til fast stilling i kommunen. Næraste leiar må etter drøfting med plasstillitsvalte formidle ønsket til rådmannen. Dette gjeld for tilsette fram til fylte 65 år.

### **g) Opphøyr av arbeidsforholdet**

Avslutning av arbeidsforholdet til seniorarbeidaren skal uansett tidspunkt og årsak skje på ein verdig måte og i dialog. Personalreglementet viser markeringar som skal gjerast.

## **4 PRAKTISERING AV SENIORPOLITIKK**

### **a) ”Seniorpolitikk Masfjorden” som styringsdokument**

Lovverk og sentralt avtaleverk overstyrer det ordningane som står i dette dokumentet.

### **b) ”Seniorpolitikk Masfjorden” som praktisk rutine**

Nedanfor er det nedfelt ei rutine for korleis ein skal praktisere seniorpolitikk i samarbeid med den einskilde seniorarbeidar. Desse aktivitetane utelet ikkje andre personalpolitiske aktivitetar, men er eit supplement for å sikre seniorpolitiske målsettingar.

<b>Tidspunkt:</b>	<b>Aktivitet:</b>	<b>Føremål:</b>	<b>Ansvar:</b>
Januar året ein fyller 60 år	Masfjorden kommune inviterer KLP til å ha ein gjennomgang med tilsette	Gje kunnskap, motivasjon og refleksjon kring det å vere seniorarbeidar	Rådmannen inviterer til samlinga
Året ein fyller 60	<b>Medarbeidarsamtale</b>	Gå igjennom ”Seniorpolitikk Masfjorden kommune”	Næraste leiar tek initiativ Arbeidstakaren medverkar
I året ein fyller 61 år og seinare kvart år (innan 1. september)	<b>Medarbeidarsamtale</b>	I den årlege medarbeidarsamtalen ha seniorpolitikk som eit tema. Gjere individuelle avtalar om bruk av verkemiddel	Næraste leiar tek initiativ Arbeidstakaren medverkar